

Protokoll – Representantskapsmøte Fjordane Friluftsråd avhelde den 11.06.2025

Den 11.06.2024 kl.1230 vart det halde Representantskapsmøte i Fjordane Friluftsråd via Teams.

Det vart gjort fylgjande forteikning over dei frammøtte;

Askvoll;	Linda Landøy og Jan Arne Lilletofte
Hyllestad;	Anne-Lise Underdal og Katarzyna Lylund
Solund;	Endre Johan Bukkøy Natvik
Kinn;	Anita Eikevik og Bengt Solheim-Olsen
Bremanger;	Anne Kristin Førde og Svein Olav Senneset
Stad;	Gunn Sande og Arild Dag Myklebust
Stryn;	Torstein Tvinnereim

I tillegg møtte styreleiar Arlene O.Vågene samt dagleg leiar Bjarte Engevik.

1. Godkjenning av innkalling, sakliste og utsendingar

Vedtak;

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

2. Val av ordstyrar, sekretær og 2.rep. til å signere møteboka.

Vedtak;

Arlene O Vågene vald som ordstyrar og Bjarte Engevik til å føre protokoll.
Anne Kristin Førde og Bengt Solheim-Olsen vald til å signere møteboka.

3. Godkjenne ny deltakarkommune jfr. § 2 i samarbeidsavtalen.

Vedtak;

Ingen nye medlemmer har kome til.

4. Handsame årsmeldinga til styret.

Vedtak;

Årsmeldinga slik den ligg føre vart teke til vitande.

5. Godkjenne rekneskap med revisjonsmelding

Vedtak;

Rekneskap med revisjonsmelding vart teke til vitande.

6. Vedta Handlingsplan og arbeidsplan

Vedtak;

Framlagte Handlingsplan (Arbeidsplan) og Strategiplan vart teke til vitande.

7. Vedta budsjett

Vedtak;

Budsjett på kr.17.360.130,- vart lagt fram i møtet med justert balanse og vart teke til vitande. Dette skal ettersendast Representantskapen.

8. Fastsetje neste år tilskot/kontingent for deltakarkommunar.

Vedtak;

Representantskapen ynskjer ikkje å endre kontingent frå deltakarkommunane som blir verande med årleg fast tilskot på kr.25.000,- + kr.20,- for kvar innbyggjar.

9. Godtgjersle for styret.

Vedtak;

Styrevedtak nr.19/23 vert ståande uendra slik; «*Kommunane dekkjer reise og tapt arbeidsforteneste til sine representantar. Fjordane Friluftsråd yter eit fast styrehonorar pr.møte på kr.1500,- og i tillegg ei fast årleg godtgjersle til styreleiar på kr.15.000,-. Dette gjerast gjeldande frå 01.01.2024*»

10. Innkomne saker (valnemd)

Vedtak;

Ingen inkomne saker.

11. Evt. endringer av samarbeidsavtale;

Vedtak;

Ingen behov for å gjere endringar i samarbeidsavtalen.

Møtet vart deretter heva kl.1300

Dato/stad Solund 11.06.2025

.....
Ann Kristin Førde

Bengt Solheim-Olsen